



Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA  
PB 1150 Sentrum  
5811 BERGEN  
Att. Kenneth Steffensen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Helen Henne, 57 64 31 40  
Julie Marie Andersen, 55 57 23 55

## Vedtak om tilbaketrekking av løyve etter forureiningslova for akvakulturproduksjon på lokaliteten Husevågøy i Vågsøy kommune

---

**Fylkesmannen i Vestland trekkjer tilbake utsleppsløyvet til Troland Lakseoppdrett AS, Langøylaks AS og Austevoll Melaks AS for lokaliteten 39377 Husevågøy i Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane.**

**Vedtaket får ikkje utsett iverksetjing då skader på korallane og det habitatet dei representerer, vil vere irreversible.**

**Kunnskapsgrunnlaget i dag fastslår at førekomsten har ein samanhengande karakter og eit omfang som er unikt både regionalt og nasjonalt.**

---

Vedtaket er gjort med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til brev frå Fylkesmannen dagsett den 18. juni 2019 med varsel om endring/omgjering av løyva, på grunn av nye opplysningar om nasjonalt viktige korallførekomststar i fjordsida like ved lokaliteten.

### Bakgrunn for saka

Dei tre verksemdene fekk utsleppsløyve for akvakulturproduksjon med inntil 3120 tonn MTB på lokaliteten Husevågøy 20. desember 2018. Fylkesmannen sine konkrete vurderingar og avgjerd i saka var basert på dokumentasjon frå to søknader på same staden (Troland Lakseoppdrett, Langøylaks og Austevoll Melaks sin felles søknad, og ein søknad frå Blom Fiskeoppdrett), tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag om naturverdiar i området, og kunnskapsgrunnlag om miljøverknader av den aktuelle produksjonen.

Begge søknadene hadde utført kartlegging av botn, strømmålingar og forundersøkingar av botnfaunaen og miljøtilstanden på botn med B- og C-undersøkingar etter Norsk Standard NS 9410:2016. Ingen av desse undersøkingane omtala korallar, og er metodisk sett heller ikkje eigna til å undersøke eventuell førekomststar og utbreiing av viktige naturverdiar på og rundt lokaliteten.



Fylkesmannen rådde frå akvakulturproduksjon ved Husevågøy i vår fråsegn til Sogn og Fjordane fylkeskommune på bakgrunn av påverknaden den kunne ha på anadrom fisk.

I løyvet har Fylkesmannen påpeikt at datagrunnlaget tilgjengeleg for sakshandsamar for å sjekke ut sårbare naturtypar og artar, er særskild mangelfullt. Samtidig står det:

«Dersom det vert påvist/mistenkt at aktivitetar ved eller utslepp frå anlegget har negativ verknad på viktige marine artar eller naturtypar, vil det kunne vert sett nye vilkår til løyvet for å hindre/minske dette, eller løyvet kan bli redusert eller trekt tilbake ».

Det låg ikkje føre nokon informasjon i saksdokumenta om at korallar fanst i området på tidspunktet for sakshandsaminga. Den potensielle påverknaden på korallførekomst som etableringa kunne gje, vart difor ikkje vurdert. Dette endra seg med ei bekymringsmelding til Fylkesmannen og andre aktuelle sektorstyresmakter 7. juni 2019 om ein stor korallførekomst tett i der det nye anlegget var planlagt.

På bakgrunn av bekymringsmeldinga og dialog med andre sektorstyresmakter, varsla Fylkesmannen tilbaketrekking av løyvet 18. juni 2019, og det blei sett i gang kunnskapsinnhenting for å finne ut kva naturverdiar som fanst på staden og den moglege påverknaden frå oppdrettsanlegget.

#### **Melding om førekomst av blomkålkorallar**

Fylkesmannen fekk melding frå dykkar Erling Svensen per telefon og e-post dagsett den 7. juni 2019, om at det fanst ein større, samanhengande og uvanleg tett førekomst av blomkålkorallar like ved lokaliteten Husevågøy. Erling Svensen er en erfaren dykkar og kjend undervassfotograf med meir enn 4500 dykk og eit arkiv med meir enn 70 000 bilete av marine dyr og planter. Han er medforfattar på fleire bøker, blant anna «Havets hemmeligheter», «Dyrelivet i havet» og «Dyrelivet i fjæra». Han samanlikna arts mangfaldet på denne lokaliteten på Husevågøy med Saltstraumen som i dag er verna.

Svensen var bekymra for at avstanden mellom fjordsida med korallane og det komande anlegget ville bli såpass kort at det ville vere fare for at korallførekomsten tok skade av etableringa. Meldinga vart også sendt til Vågsøy kommune og formidla til dei andre sektorstyresmaktene for akvakultur. Eit notat dagsett 18. juni 2019 som samanstiller vår kommunikasjon med dykkaren og lenker til den biletdokumentasjonen som vi fekk tilgang til, er oversendt til dykk.

#### **Førehandsvarsel**

På bakgrunn av dei nye opplysningane om korallførekomsten vart det gjennomført eit telefonmøte den 13. juni 2019 med sektorstyresmaktene, Fiskeridirektoratet Region Vest, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen, og med fagekspertise frå Havforskningsinstituttet. Fylkesmannen varsla at vi vurderte å endre eller gjere om utsleppsløysa. Dette vart formidla 13. juni 2019 per telefon til Langøyfisk og seinare skriftleg til alle tre selskapa den 18. juni 2019. Vi varsla at eit mogleg utfall kunne vere at løysa vart trekt tilbake, og at lokaliteten dermed ikkje ville kunne takast i bruk som planlagt for haustutsett av fisk no i år. Det vart gitt ein merknadsfrist på tre veker.



## Tilbakemeldingar og merknader frå selskapa

Selskapa har gjennom sin advokat Kenneth Steffensen i Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA gitt fem skriftlege tilbakemeldingar på førehandsvarselet, dagsett den 1. juli, 6. juli, 10. juli, 7. august og 12. august 2019. I tillegg har selskapa lagt fram sine merknader i telefonmøte med sektormyndigheitene den 9. juli 2019.

Vi har i teksten under samanfatta nokre av hovudargumenta frå tilbakemeldingane frå selskapa, og viser elles til dei aktuelle dokumenta:

1. Vilkåra for omgjerung av løyva med heimel i § 18 i forureiningslova, forvaltningslova §§ 17 og 35 og allmenne omgjeringsreglar er etter selskapa si meining ikkje oppfylte:
  - Skadane eller ulempene ved utsleppa vert *ikkje* vesentleg større eller annleis enn venta då løyva vart gjevne. Det har ikkje skjedd noko nytt i denne saka: utsleppa er dei same, med same påverknad på miljøet. At akvakultur kan gje miljøverknader, var også kjent tidlegare. At det finst korallar i norske farvatn, var også kjent.
  - Det er *ikkje nødvendig* å trekke løyva tilbake. Selskapa foreslår at det eventuelt vert sett vilkår om overvaking av påverknaden på korallane gjennom produksjonen med H-19-utsettet. Tilbaketrekking må vere siste utveg, etter ei grundig saksbehandling der alle moglege avbøtande tiltak/alternative tiltak er vurdert som ikkje tilstrekkelege. Som forvaltningspraksis vert det vist til eit eksempel på vedtak frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 20. juni 2019 om mellombels løyve på lokaliteten Skjorteneset II i fire år, med vilkår om overvaking, pga. mangelfull kunnskap om miljøverknaden av utsleppa frå anlegget. Selskapa har innhenta forslag til overvakingssystem med ROV frå Rådgivende Biologer (notat dagsett 6. august 2019). Første runde med overvaking skal skje før utsett av fisk.
  - Varsla vedtak vil vere klart *uforholdsmessig*. Selskapa sine kostnader og ulemper av endring eller omgjerung av løyva *vil klart overstige* fordelane, og kan verte på fleire hundre millionar kroner. Det er vist til at Gulating lagmannsrett tilkjente ein oppdrettar erstatning etter tilbaketrekking av eit løyve i dom LG-1994-313.
  - Endring/omgjerung kan *ikkje* skje til ugunst for selskapa, med mindre Fylkesmannen sitt vedtak om å gje løyve etter forureiningslova er *ugyldig*, noko det *ikkje* er.
2. Varselet bygger etter selskapa si meining på mangelfullt og sviktande faktisk grunnlag:
  - Fylkesmannen har *ikkje* gjort eigne undersøkingar eller observasjonar av korallane i forkant av varselet. Faktagrunnlaget, og spesielt påstanden om at det er eit samanhengande stort område, bygger på ein dykkar sin observasjon, som ikkje er stadfesta av relevant marinbiologisk kompetanse.
  - Selskapa har sjølv fått undersøkt korallførekomstane med ROV den 20. juni 2019, og sendt inn ein fagrapport om undersøkinga frå Rådgivende Biologer. Rapporten seier etter selskapa sitt syn at det *ikkje* er snakk om ein samanhengande korallførekomst, og at tettheita av blomkalkorall er størst ca. 1,5 km unna anlegget. ROV-undersøkinga som Havforskningsinstituttet har gjort, kan heller ikkje stadfeste påstanden om at det er tale om



eit *samanhengande* belte med blomkålkorallar, ettersom HI ikkje har gjennomgått materialet i detalj. Myndigheitene har ikkje sjølve gått gjennom HI sine videotransekt.

- Førekomsten av blomkålkorallar ved Husevågøy er *ikkje* av unik nasjonal karakter. Arten er ikkje truga, tvert om. Det finst mange registreringar i Mareano-kartet, også langs kysten. Havforskningsinstituttet skriv også på sine nettsider om denne arten at den finst på relativt grunt vatn i fjordane, med utbreiing frå Vestlandet til Finnmark. Andre nettstader nemner også arten som *vanleg* eller *utbreidd*, eller at *blomkålkorallenger er vanlege*. Det er vidare vist til at blautkorallen blomkålkorall ikkje inngår i definisjonen av naturtypen «hardbunn korallskog» som er vurdert som *nær truga*, då dette gjeld hornkorallar på større djup.
  - Anlegget vil ha gunstige straum- og djupnetilhøve mht. utslepp frå drifta. Det er etter selskapa sitt syn *ikkje* dokumentert at akvakulturproduksjon ved Husevågøy vil gje negativ verknad på korallane, ut over mogleg påverknad 2-300 meter frå anlegget. Dette vil maksimalt gje ein lokal påverknad, som verken trugar heile blomkålkorallførekomsten ved Husevågøy eller den tettaste delen av den. Det vert vist til ein Fiskeribladet-artikkel (24. juni 2019) der HI sine forskarar *ikkje* finn høgare dødelegheit for korallar nær oppdrettsanlegg. Det vert også vist til at eldre dokumentasjon om blomkålkorallar som forsvann frå Møre og Romsdal gjeld akvakultur med den tidas utslepp, legemiddelbruk og drift, som ikkje kan samanliknast med dagens.
  - Spreiingsmodellen/-analysen for Husevågøy som HI har vist til i sitt notat er utilstrekkeleg for vurdering av påverknad på korallane. Selskapa har innhenta tilbod på detaljert 3D-modellering og simulering av spreinga av partiklar frå anlegget frå Asplan Viak (notat dagsett 7. august 2019). Rapport kan vere klar til 31. oktober 2019.
3. Tilbaketrekking ved Husevågøy er eit svært alvorleg inngrep, som vil truge vidare drift av selskapa.

Dei tre selskapa har til saman 8 konsesjonar for produksjon av oppdrettsfisk, og om lag 50 tilsette. Lokalitetane som dei har frå før, ligg i Austevoll, med kort innbyrdes avstand. ILA-utbrot i dette området gjev utfordringar med utsett der fram til 2020. Nordfjord er eit nytt geografisk område for drifta til dei tre selskapa, for å oppnå ein meir fleksibel lokalitetsstruktur og redusert risiko. Selskapa fekk tildelt lokaliteten Husevågøy etter ein lang søknadsprosess, framfor ein annan søkjar på same stad, noko som viser at dei hadde sterkast behov. Produksjonen er planlagt som samdrift mellom dei tre selskapa, der fisken er eigd med ein tredjedel av kvart selskap.

I forkant av tildelinga av Husevågøy, har selskapa «snudd kvar stein» for å finne nye lokalitetar i Sogn og Fjordane og Hordaland. Samdrift/samproduksjon med andre aktørar er ikkje rekna som tilfredsstillande ordning. Alternative lokalitetar til Husevågøy finst ikkje, verken på kort eller lang sikt.

Tilbaketrekking av løyvet får følgjer for investeringar, tilsetjingar, konkrete driftsplanar med utsett av fisk i september 2019 og for framtidig produksjon og inntening:

- Investeringar i forundersøkingar, nytt akvakulturanlegg og fôrflåte, stor og liten arbeidsbåt og fortøyingar har kosta 39 millionar kroner.



- Smolten til Husevågøy er bestilt og under sluttproduksjon, og må i sjøen innan starten av september 2019 eller destruerast. Verdien på smolten er 15 millionar kroner.
- Selskapa har ingen andre moglegheiter for det aktuelle utsettet, noko som vil gje eit betydeleg produksjonstap på 4000 tonn sløyd laks, med verdi 237 millionar kroner.
- Husevågøy er planlagt vidare for vår-oddetal-produksjon, og er den einaste av selskapa sine lokalitetar med slikt utsett. Dermed vil alle følgjande produksjonar også gå tapt (V-21, V-23, osb.)
- Driftspersonell og lærlingar er eller er i prosess med å bli tilsett, i jobbar som det ikkje vert noko av.

For å unngå økonomisk tap, held selskapa fram med førebuing av lokaliteten for drift i samsvar med godkjent driftsplan. Det blir 1. juli 2019 bede om at Fylkesmannen tek ei rask avgjerd i saka, slik at selskapa får nytta sin rett til overprøving av vedtaket. I tilbakemeldinga 10. juli 2019 vert derimot Fylkesmannen bedden om å vente med å gjere vedtak, på grunn av at saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, og at selskapa ønskjer moglegheit for å imøtegå alt som inngår i «det faktagrunnlag som forvaltningen vurderer å basere et vedtak på», før vedtak vert gjort. Det vert også bede om at vedtak om tilbaketrekking, dersom det vert gjort, vert gitt med oppsetjande verknad, altså at tilbaketrekkinga ikkje skjer før etter klagesak og eventuell rettssak.

### Innsyn

Selskapa har i tilbakemeldinga frå 1. juli 2019 bede om innsyn i alle saksdokument, og fekk tilgang til dette den 3. juli 2019.

### Heimelsgrunnlaget etter forureiningslova og naturmangfaldslova

Forureiningsmyndigheita kan endre eller, om nødvendig, kalle tilbake eit løyve som er gjeve, dersom «det viser seg at skaden eller ulempen ved forurensningen blir vesentlig større eller annerledes enn ventet da tillatelse ble gitt», jf. forureiningslova § 18 første ledd nr. 1. Denne heimelen kan mellom anna nyttast når dei auka eller endra skadane eller ulempene skuldast at ein har fått ny kunnskap etter at løyvet vart gjeve. Det er ikkje ein føresetnad at det opphavlege vedtaket er ugyldig. Forureiningslova § 18 fjerde ledd seier at «ved avgjørelser etter første og tredje ledd skal det tas hensyn til kostnadene en endring eller omgjøring vil påføre forurenseren og de fordeler og ulemper endring eller omgjøring for øvrig vil medføre.»

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved avgjerda. Desse prinsippa gjeld kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), at tiltakshavar skal ta kostnadane for å avgrense miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12).


### Fylkesmannen sine vurderingar

#### Dokumentasjon av korallførekomsten ved Husevågøy

Fylkesmannen vart gjort merksam på førekomsten av blomkållkorallar ved Husevågøy 7. juni 2019 av Erling Svensen, som har dykka på staden. Han har sendt over fotodokumentasjon frå området han har dykka i (Fig. 1). Bileta er dels «oversiktsbilete» med mange synlege individ konsentrert på små



område og/eller areal med større utstrekning, og dels detaljbilete av enkeltkoloniar. I døma under kan ein sjå mange individ i kvart bilete.



**Figur 1:** Blomkållkorallar ved Husevågøy i 2019.

Foto: Erling Svensen

Vi har vore i kontakt med professor emeritus Bjørn Gulliksen ved UiT, Norges arktiske universitet, som kjenner til førekomsten av blomkållkorallar ved Husevågøy, etter dykk på staden i samband med eit forskingstokt i 2012. Han spesifiserer i feltnotatane at biodiversiteten på fjellveggen var stor, og at utbreiinga av blomkållkorall var imponerende og overraskande tett. Fylkesmannen har også motteke bilete som dokumenterer funn i 2012.

Rådgivende Biologer gjennomførte ei kartlegging av staden i sommar kor dei føretok fleire vertikale transekt. Dei stadfesta funn av «tette» førekomstar av blomkållkorall i den brattaste fjordsida like ved akvakulturanlegget og vestover som tyder på ein samanhengande førekomst i heile dette området. Austover frå akvakulturanlegget, der fjordsida ikkje er så bratt som vestover frå anlegget, er det meir sporadiske førekomstar av blomkållkorall, men til gjengjeld er det der gjort funn av hornkorallar. Det er snakk om artane sjøtre, risengrynskorall og sjøbusk som danner naturtypen *hardbunnskorallskog*, som er raudlistevurdert som *nær truga (NT)*<sup>1</sup>.

### Blomkållkorallførekomsten er unik

Havforskningsinstituttet (HI) har på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vore på staden og laga eit notat som samanfattar kunnskapsstatus for blomkållkorallførekomsten ved Husevågøy per 1. juli 2019.


På bakgrunn av opplysningane frå Svensen om at førekomsten av blomkållkorall ved Husevågøy strekkjer seg samanhengande over 1,5 kilometer i djup mellom 25-70 meter, valde HI ut og filma tre horisontale transekt i den bratte fjordsida i juni. Dei stadfestar at det er blomkållkorall på staden. Dei har funne blomkållkorall ned til 95 meters djup, men dei tettaste førekomstane finst grunnare enn 40 meter. Dei har rapportert at tettheita er høg samanlikna med andre kjende lokalitetar i Noreg. Dei har sjekka med andre forskarar som har utført marin kartlegging i Noreg og ingen har sett ei liknande førekomst tidlegare. Funn er vanlegvis flekkvis, med mindre førekomstar og høg tettheit, eller enkeltfunn. Typiske førekomstar veks ikkje utover areal større enn 100 m<sup>2</sup>. MAREANO-prosjektet viser at arten er ganske vanleg langs noregskysten og kontinentalsokkelen, men typisk tettheit var maksimalt 10 individ per 700 meter lange transekt (Fig. 2). Dette er vesentleg mykje lågare tettheit enn på Husevågøy. HI konkluderer med at blomkållkorallskogen på Husevågøy er unik i Noreg, basert på den omfattande geografiske utstrekkinga med høg tettheit av individ.

---

<sup>1</sup> Buhl-Mortensen, P. (2018). Strømpåvirket fastbunn atlantisk vann og øvre sublitoral med dominans av hornkoraller, Marint dypvann. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Artsdatabanken, Trondheim. Hentet 15.08.2019 fra: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/310>



Vi har også vore i kontakt med Bernt Rydland Olsen hjå Rådgivende Biologer, som stadfestar at deira firma ikkje har sett tilsvarende mengd blomkållkorallar andre stader, og at dei ikkje har funne blomkållkorall i andre kartleggingar dei har gjort i Sogn og Fjordane (Solund, Dalsfjorden).



**Figur 2:** MAREANO-funn av blomkållkorallskog. Tal funn per 700 meters vidotransekt.

<http://www.mareano.no/kart/mareano.html#maps/4554>

### Geografisk utbreiing

Fylkesmannen har samanstilt informasjonen om dei observasjonane av blomkållkorall ved Husevågøy som vi kjenner til i figur 3. Hl sine transekt er ikkje med i figuren, ettersom vi ikkje har fått nøyaktig posisjon for desse. Men dei har informert om at dei har gjort horisontale transekt basert på Svensen sin vurdering av utstrekking av korallførekomst.

Vi vurderer at vi i denne saka har eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag til å konkludere med at blomkållkorallførekomstane ved Husevågøy finst i eit geografisk stort område, som strekkjer seg både aust og vest for akvakulturlokaliteten Husevågøy.



**Figur 3:** Samanstilte opplysningar om blomkålkorallførekomstane ved Husevågøy. Rådgivende Biologer sine videotransekt er merkt med namn (T1-T12), sterkast rosafarge angir tettast førekomst, grøne er transekt utan funn. Raud strek er område for Erling Svensen sin dykkeobservasjon i 2019, og mørkeraudt punkt er oppgitt posisjon for Bjørn Gulliksen sine dykk i 2012. Blå firkant er godkjent anleggsplassering for akvakulturanlegget ved lokalitet Husevågøy, grå firkant er ein eldre, sletta lokalitet.



### Sårbarheita til blomkålkorallane og andre korallar ved Husevågøy

Det meste av dagens kunnskap om korallar i norske farvatn skriv seg frå kaldtvasskorallrev med steinkorallar (*Lophelia*), eller korallskogbotn med diverse artar av hornkorallar (sjøtre, sjøbusk, risengryskorall). Korallkoloniar på djup hardbotn skapar habitat som er viktige som levestad for ei rekkje andre marine artar, og er sårbare for menneskeleg påverknad. Hornkorallane på Husevågøy blei observert i to av Rådgivende Biologer sine djupaste transekt. Dei fleste andre transekta gjekk ikkje så djupt som der ein fann hornkorallar, slik at det ikkje kan utelukkast at det også finst hornkorallar på store djup fleire stader i nærleiken til anlegget. HI nemner i sitt notat at det ikkje er vanleg å finne levande hardbotnskorallar når man kjem nær oppunder aktive anlegg (<200 meter). Observasjonane Rådgivende Biologer har gjort viser at dei ligg nærare det komande anlegget enn der kor det finst levande korallar ved aktiv drift. Desse korallane står også djupare enn blomkålkorallane. Med straum som verkar å gå mest mot aust nedover i vassøyla, er det etter Fylkesmannen si vurdering ein klar risiko for negativ påverknad også på desse korallane.

Blomkålkorallskog er i seg sjølv ikkje definert som ein eigen naturtype etter nasjonal naturkartleggingssystematikk, og graden av sårbarheit er såleis ikkje vurdert spesifikt per i dag. Raudlistevurderingar konkluderer med *livskraftig* (LC), og han er ikkje vurdert som truga på artsnivå. Når det er sagt, så veit vi frå vitskapelege publikasjonar at blomkålkorallar også skapar eit særskilt viktig miljø for eit rikt dyreliv på lik linje som andre typar korallar. Dei er sårbare for forureining og reetablering etter skade er komplisert. Larvene er store og viser seleksjon for substrat. Dette gjer det vanskeleg å feste seg, spesielt i bratt fjellvegg. Dei veks også, som andre artar av korallar, seint. Utbreiing og tettheit ved Husevågøy tydar difor på at førekomsten er svært gammal.

HI har fleire forskingsprosjekt som undersøker korallar i nærleiken av akvakulturanlegg. Eit av prosjekta, kor selskapa har vist til medieoppslag, ser spesifikt på verknader på *Lophelia pertusa*, som er ein steinkorall, og ikkje direkte relevant som samanlikning til blautkorallen i denne saka. HI har eit anna prosjekt som skal kartleggje blomkålkorallar rundt nokre anlegg i Finnmark. Det er så langt vi kjenner til ikkje rapportert resultat frå dette prosjektet. Mest relevant med omsyn til verknad på blomkålkorallar er funnet HI rapporterer i sitt notat at slike korallar som er sett ut 50 meter frå anlegg i Finnmark, har vist høg dødelegheit i løpet av eit år. Fylkesmannen har også blitt gjort






merksam på at andre, mindre førekomstar av blomkålkorall har gått tapt. Nokre har gått tapt grunna påverknad frå auka forureining, medan for andre er årsaka uviss. Den mest kjende er førekomsten på Tørvikhammeren ved Averøy som skal ha bestått av 2-300 individ, som den gongen blei vurdert som ein særstør førekomst. Han skal ikkje ha vore breiare enn 50 meter og var tettast på 35-45 meters djupne. Denne forsvann i løpet av få år på 90 talet. Dette er saker som er melde inn til Fylkesmannen i Møre og Romsdal i juli 2019 av dykkar og undervassfotograf, Nils Aukan.

### **Straumbilete og påverknad frå oppdrettsaktiviteten**

Kunnskapen vi har om straumbiletet på lokaliteten Husevågøy skriv seg frå to sett med målingar i samband med søknadene om etablering, og generell kunnskap om straum og vasstransport i fjordar. Avstanden frå målepunkta i fjorden og inn til land (målt i overflata) er om lag 270 meter for Akvaplan niva sine målingar i 2017 (på 5, 15, 186 og 325 meter), og om lag 235 meter for Fishguard Florø sine målingar frå 2018 (på 5, 15, 100 og 322 meter). Det er stor grad av samsvar i resultatane frå dei to målingane. Unntaket er at det er funne heilt motsett hovudretning for vasstransporten på 5 meter i 2017 og 2018, der den eine målinga viser straum mot vest (ut fjorden), og den andre mot austleg retning (inn fjorden). Dei andre målingane nedover i spreingsdjupet viser mest straum mot austleg retning, men målinga på 100 meter i 2018 viser også straumkomponentar mot sør og sørvest (i retningar inn mot land). Ved botnen er det mest straum mot sørvestleg retning. Den gjennomsnittlege straumfarten som er målt, er høg på alle djup.

HI har gjort ei spreingsanalyse av organisk materiale (Fig. 4) som viser at veggen nærast anlegget som har høg tettheit av blomkålkorall vil vere utsett for 5 % av det årlege utsleppet av organisk materiale frå anlegget. Basert på informasjon frå HI om sårbarheita til denne typen blautkorallar vil Fylkesmannen vurdere det som svært sannsynleg at blomkålkorallane vil bli utsett for negativ påverknad ved drift i anlegget.

**Figur 4:** HI har modellert spreing av organisk materiale ved anlegget gjennom eit år. Fargeskala viser kor mykje organisk materiale dei ulike områda vil bli belasta med. Mørk blått (verdi 4) vil få 50 % av den organiske belastninga. Området med verdi  $\geq 3$  får 40 % av utsleppa, området med verdi  $\geq 2$  får 5 % av utsleppa og områda med verdi  $\geq 1$  får 4 % av utsleppa.





Fylkesmannen er av den oppfatninga at modelleringa gjennomført av HI i lag med straummålingane seier nok til å konkludere med at det er ein relativt stor fare for transport av forureining frå anlegget inn mot områda med blomkålkorallar. Å vite akkurat kor straumen går, og kor stor del av utsleppa som kan treffe korallane, vil ikkje vere avgjerande i denne saka, ettersom vi likevel ikkje veit nok om terskelnivåa for kor mykje blomkålkorallane toler før kronisk eller akutt skadeverknad kan oppstå. Men vi har fått informasjon i saka som viser til at blomkålkorall ikkje har god toleevne for auka forureining.

Det er etter Fylkesmannen sitt syn grunnlag for å hevde at tettheita ved Husevågøy er høgare enn det som er normalt å finne andre stader langs kysten, ut frå den kunnskapen vi har i dag. Ut frå HI sitt notat og Rådgivende Biologer sine fem transekt på rad med funn av blomkålkorallar, at det er grunnlag for å hevde at førekomsten har ein samanhengande karakter og eit omfang som er unikt både regionalt og nasjonalt. Biologien til blomkålkorallen og observasjonar om tapte førekomstar i nærleik av utslepp stør vår vurdering om at skade på førekomsten vil vere irreversibel.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Fylkesmannen vurderer at med den kunnskapen som eksisterer per i dag om utbreiinga til ulike typar korallar i kyst- og fjordstrok, er funnet av blomkålkorallførekomsten ved Husevågøy av unik karakter, både regionalt og nasjonalt. Inntil det eventuelt kjem fram kunnskap om at tilsvarande førekomstar også finst andre stader, er vårt syn at denne førekomsten må beskyttast, som ein viktig del av det marine naturmangfaldet på staden. Blomkålkorallskogen er unik i seg sjølv, men blomkålkorallane er også eit viktig habitat. Undersøkingane som har vore gjorde i sommar avdekkar at dette er eit artsrikt område med gode vekst og levevilkår for hardbotnskorallar, svamp og blautkorallar.

Vi meiner at vi har tilstrekkeleg med kunnskap til å rekne med at det er risiko for at utslepp frå akvakulturanlegget kan ha ein skadeverknad på blomkålkorallane. Skaden er irreversibel, då blomkålkorallar blir permanent borte når dei først er borte. Kunnskap om etableringsprosessen om denne arten syner at denne er komplisert og tar lang tid.

Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8. I den grad det er usikkerheit i saka skal tvilen komme naturen til gode, jf. naturmangfaldlova § 9.

Det er ikkje andre kjelder for utslepp i nærleiken av same storleik og type som dei utsleppa som etableringa av anlegget ved Husevågøy vil føre med seg. Vi meiner den samla belastninga og faren for irreversibel skade på det marine naturmangfaldet vil bli kraftig auka dersom den planlagde akvakulturproduksjonen får behalde løyvet, jf. naturmangfaldlova § 10.

Selskapa melder tilbake at eldre dokumentasjon om blomkålkorallar som forsvann frå Møre og Romsdal på nittitalet gjeld akvakultur med den tidas utslepp, legemiddelbruk og drift, og kan ikkje samanliknast med dagens drift. Fylkesmannen er einig i at det er gjort store framsteg i næringa. Blant anna har utvikling av fôr og fôringsrutinar fått ned utslippene per tonn produsert fisk. Men produksjonen per lokalitet har vorte særskilt mykje større. Utsleppa har difor auka jamt og trutt sidan næringa starta, med unntak av dei siste tre – fire åra.

Medikamentbruk har variert mykje. På åttitalet blei det brukt mykje antibiotika, men utvikling av vaksiner fekk ned den bruken i løpet av nittitalet. Bruken av legemidlar til behandling av lakselus nådde forbrukstoppen i 2016. Sterk satsing på bruk av ikkje medikamentelle metodar har redusert denne bruken kraftig. Men kjemikalie- og medikamentbruken dei siste 40 åra har gått i bølger, og vi har ingen garanti for at alle problem som krev bruk av kjemikalier og legemidlar, no er løyste.



Dagens oppdrettsteknologi er opne system der alle innsatsfaktorar går til utslepp. Det er ikkje etablert fullskala metodar eller driftsformer som reduserer utsleppa, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12.

### **Avveging mellom å ta vare på unikt og viktig naturmangfald og ulemper og kostnadar for selskapa**

Eit vedtak om å trekke tilbake løyvet etter forureiningslova, og såleis stoppe etableringa av akvakulturproduksjon ved lokaliteten Husevågøy, vil sikre at det ikkje skjer utslepp og påfølgjande negativ påverknad på førekomsten av blomkållkorallar. Fordelen av å unngå ein skade på unikt marint naturmangfald, vil vere stor. Risikoen for korallane er direkte kopla mot utslepp frå selskapa si drift. I denne saka vil eit utsett auke utsleppa med 100 %, då det ikkje er utslepp her frå før. Fylkesmannen meiner at det er nødvendig å unngå desse utsleppa, for å unngå skade på korallane.

Vedtaket om tilbaketrekking medfører heilt klart store ulemper og kostnadar for selskapa, både økonomisk og praktisk. Det er stipulert ein kostnad/tap på oppunder 300 millionar kroner for etableringa og første produksjonen, i tillegg til framtidige tap. Ikkje alle dei kostnadane som selskapa har ført opp, vil vere reine tap. Tap i framtidig fortjeneste får i vurderinga dessutan mindre vekt enn tap på investeringar som er utførte. Investeringar i anlegg, båtar og utstyr som ikkje kan nyttast på Husevågøy, vil selskapa til ein viss grad kunne ha nytte av på andre av sine lokalitetar, eller tapa kan reduserast ved å selje dette materiellet vidare til andre. Men ein kjem likevel ikkje bort frå at det blir store ulemper og kostnadar, i alle fall på kort sikt, ettersom selskapa har sjukdomsproblem i kjerneområdet sitt i Austevoll. Ulemper og kostnader i samanheng med andre lokalitetar kan likevel ikkje påverke vår vurdering i denne saka som handlar om viktige naturverdiar på Husevågøy.

Alternativet er å tillate mellombels drift, og ta ei ny vurdering etter noko tid. Dersom utfallet likevel vert det same – at løyvet vert trekt tilbake – vil mange av dei same ulempene og kostnadane for selskapa også komme, men på eit seinare tidspunkt. I tillegg vil mellombels drift med eit sett med ekstra vilkår til drifta også ha ein kostnad utover ei «normal» etablering.

Selskapa sin advokat viser til eit løyve frå Møre og Romsdal som eksempel på forvaltningspraksis der ein gjev mellombels løyve etter forureiningslova, med krav om overvaking. Problemstillinga i dette eksempelet, og tilsvarande eksempel som kunne vore nemnt frå Hordaland og Sogn og Fjordane også, er ikkje samanliknbart med Husevågøy-saka. Usikkerheita i miljøpåverknad i eksempelet gjaldt den organiske belastninga på sjøbotn, som reknast som ein reversibel påverknad av utsleppa frå akvakulturanlegg. Ved Husevågøy er det potensiell irreversibel påverknad som er grunnen til at Fylkesmannen ikkje ser mellombels drift som eit godt nok alternativ for naturmangfaldet. Korallførekomststar rundt akvakulturanlegg har vore grunnlag for avslag etter forureiningslova også i andre tilfelle. Ved Apalvik i Hordaland avsto Fylkesmannen etablering i januar 2018, og vedtaket vart stadfesta av Miljødirektoratet etter klage. Ved Dryna i Møre og Romsdal blei det gitt avslag på utviding i mai 2019, og klagesaka er til behandling i Miljødirektoratet. Etter vårt syn ville også denne saka enda med avslag dersom vi hadde vore kjent med naturverdiane på lokaliteten.

Omsynet til førekomsten av blomkållkorallar ved Husevågøy vert klart svekt, dersom Fylkesmannen berre gjer vedtak om ei omgjerding av løyvet til mellombels, og med eit sett med ekstravilkår. Dersom det skulle vise seg at irreversibel påverknad skjer, vil det vere for seint å trekke tilbake løyvet for å unngå skade. Ein er då over på å forsøke å avgrense skaden som har skjedd. Dette vil ikkje vere i tråd med føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9.



Selskapa har innretta seg etter løyva dei fekk. Vedtaket vårt om tilbaketrekking kjem idet anlegget er i ferd med å etablere seg, og fisken til første produksjonen er på veg til å bli sett ut. Dette medfører større praktiske problem og økonomiske kostnader for selskapa. Fylkesmannen vil gjere merksam på at varsel om at det kunne komme eit vedtak om tilbaketrekking vart gjeve i juni, med ein gong vi vart gjort merksame på at det fanst ein stor førekomst av blomkållkorallar på staden. Det har heile tida vore understreka frå vår side at selskapa måtte leite etter alternative løysingar, i fall utfallet vart ei tilbaketrekking. Kostnader for å unngå og avgrense skade på naturmangfald skal berast av tiltakshavaren, i den grad det er rimeleg, jf. naturmangfaldlova § 11, samstundes som Fylkesmannen også pliktar å ta med kostnadane for tiltakshavaren i den samla vurderinga av fordelar og ulemper av å trekke eit løyve tilbake, jf. forureiningslova § 18 fjerde ledd.

### Vurdering av utsett iverksetjing

Selskapa har bede om at eit vedtak om tilbaketrekking vert gjort med oppsetjande verknad, slik at akvakulturanlegget skal kunne drive som planlagt på Husevågøy medan ein klage vert behandla, og eventuelt også inntil avgjerda er rettsleg behandla. Vedtaket om tilbaketrekking er gjort fordi omgjerding til mellombels løyve ikkje vert vurdert som tilstrekkeleg av omsyn til naturmangfaldet. Ved ei utsett iverksetjing av vedtaket om tilbaketrekking vil risikoen for skade på førekomsten av blomkållkorallar bli dei same som om vedtaket hadde vore å gjere løyvet om til mellombels. Vi finn ikkje grunnlag for å kunne støtte dette ønsket.

### Konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at vedtaket om å trekke tilbake løyvet etter forureiningslova er forholdsmessig og i samsvar med krava i § 18 i forureiningslova. Det vert ikkje vurdert som forsvarleg for miljøet å tillate ei mellombels drift. Å risikere at naturkvalitetane her vert øydelagde eller vesentleg reduserte som følge av utslepp frå akvakulturanlegget, vil og vere i strid med føringane i naturmangfaldlova om berekraftig bruk og vern av naturen. Kostnader og ulemper for selskapa vert store, men vår vurdering er at fordelene for miljøet ved å unngå risikoen for irreversibel skade på ein unik korallførekomst er større.

Som følge av ny kunnskap om viktige korallførekomstar tett ved akvakulturlokaliteten Husevågøy, trekkjer Fylkesmannen i Vestland tilbake Troland Lakseoppdrett AS, Langøylaks AS og Austevoll Melaks AS sine utsleppsløyve for lokaliteten 39377 Husevågøy i Vågsøy kommune.

Vedtaket får ikkje utsett iverksetjing.



## Klagerett

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Vestland innan tre veker.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi på e-post til:

Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange v/ Kenneth Steffensen

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Frode Hovland

Fiskeridirektoratet Region vest v/ Leni Lisæter

Mattilsynet Region sør og vest, avd. Nordfjord v/Siril Lillebø

Vågsøy kommune

Havforskningsinstituttet v/ Vivian Husa

Langøylaks AS v/ Johannes Møgster

Bjørn Gulliksen

Erling Svensen